



## Møteprotokoll for Eldrerådet

**Møtedato:** 07.04.2016  
**Møtestad:** Møterom 3  
**Møtetid:** 15:00 – 17:40

Møtet vart styrt av leiar Sigurd Knudsen.

Medlemmene var innkalla i skriv dat. 30.03.16, og møtet var kunngjort i pressa 15.03.14.

Møtet tok til i formannskapssalen der Eldrerådet, Ungdomsrådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne fekk ei orientering frå ordførar om kommunestruktur.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Sigurd Knudsen		leiar
Jorunn Brakstad		nestleiar
Klara Hansen		Medlem
Klara Mongstad		Medlem
Astrid Anne Fjeldstad		Medlem
Erling Rønnestad		Medlem
Kjersti Vikebø Nesse		Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Stian Lavik	

---

**Desse møtte frå administrasjonen:** Rådmann Ingvild Hjelmtveit tok del i orientering om kommunestruktur.

Protokollfører: Randi Hilland

11. april 2016

Sigurd Knudsen  
leiar

Randi Hilland  
konsulent

---

## Sakliste

Saknr	Tittel
14/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
15/2016	Godkjenning av møtebok
16/2016	Referatsaker
17/2016	Aktuelle saker
18/2016	Kommunestruktur - oppdatert intensjonsavtale
19/2016	Dataklubb for seniorarar
20/2016	Sentralisering av fylkestannlækjarkontor
21/2016	Høyringsnotat om råd i kommunar og fylkeskommunar for ungdom, eldre og personar med nedsett funksjonsevne
22/2016	Kartlegging og verdisetting av friluftsområde i Meland - offentlig ettersyn og folkemøte
23/2016	Varsel om oppstart av detaljregulering for Langeland
24/2016	Den Internasjonale eldredagen 2016

## **14/2016: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

## **07.04.2016 ELDRERÅDET**

### **ER - 14/2016 VEDTAK:**

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

---

## **15/2016: Godkjenning av møtebok frå møte 18.02.16**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

"Møtebok frå møte 18.02.16 vert godkjent."

## **07.04.2016 ELDRERÅDET**

### **ER - 15/2016 VEDTAK:**

"Møtebok frå møte 18.02.16 vert godkjent."

---

## **16/2016: Referatsaker**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Meldinga vert teken til orientering.

## **07.04.2016 ELDRERÅDET**

Det vart orientert om følgjande:

Sigurd Knudsen og Jorunn Brakstad refererte frå møte med ordførar:

- Statens Vegvesen arbeider med vegpakke i regionen - prosess i gang, 4 av dei 7 første prosjekta er i Meland.
- For få parkeringsplassar utanfor eldresenteret
- Fleire benkar i senteret
- Må kome opp betre skilting for offentleg toalett

Kjersti Vikebø Nesse refererte frå møte i Utval for levekår (ULK)

Erling Rønnestad refererte frå møte i Utval for drift og utvikling (UDU)

**ER - 16/2016 VEDTAK:**

"Meldinga og orienteringane vert tekne til orientering."

---

**17/2016: Aktuelle saker**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**07.04.2016 ELDRERÅDET**

Følgjande saker vart tekne opp:

Klara Mongstad sa at det var vanskeleg å kome inn på sjukeheimen etter kl. 16:00 då dørene vert låste. Har fått opplyst at det har vore problem med telefonsystemet, særleg på Solkroken.

**ER - 17/2016 VEDTAK:**

"Eldrerådet ser det som svært viktig at dette vert retta opp så snart som mogleg."

---

**18/2016: Kommunestruktur - oppdatert intensjonsavtale**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**07.04.2016 ELDRERÅDET**

Ordførar orienterte om kommunestruktur - oppdatert intensjonsavtale i fellesmøte med Ungdomsrådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

**ER - 18/2016 VEDTAK:**

"Eldrerådet sluttar seg til pkt 7 Prinsipp for tenestetilbod og kompetanse. Eldrerådet vil presisere at nærleik til tenesteyting er viktig."

---

## **19/2016: Dataklubb for seniorarar**

**Rådmannen sitt framlegg:**

### **18.02.2016 ELDRERÅDET**

Saka vert utsett og vert å ta opp på neste møte.

### **ER - 10/2016 VEDTAK:**

### **07.04.2016 ELDRERÅDET**

Eldrerådet drøfta saka.

### **ER - 19/2016 VEDTAK:**

"Eldrerådet vil per dato ikkje gå inn for dette."

---

## **20/2016: Sentralisering av fylkestannlækjarkontor**

**Rådmannen sitt framlegg:**

### **18.02.2016 ELDRERÅDET**

Saka vert utsett og vert å ta opp på neste møte.

### **ER - 11/2016 VEDTAK:**

### **07.04.2016 ELDRERÅDET**

### **ER - 20/2016 VEDTAK:**

"Eldrerådet ber ordførar å presse på for å omgjere vedtaket. Tiltaket er ikkje reknigssvarande og miljømessig er det eit dårleg tiltak."

---

**21/2016: Høyringsnotat om råd i kommunar og fylkeskommunar for ungdom, eldre og personar med nedsett funksjonsevne**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**07.04.2016 ELDRERÅDET**

**ER - 21/2016 VEDTAK:**

"Eldrerådet har følgjande presisering til høyringsnotatet:

Pkt 7 - Om innhaldet i ny forskrift om eldreråd - val og samansetnad.

Det er viktig at den/dei politisk vald(e) ikkje **må** vere fylt 60 år."

---

**22/2016: Kartlegging og verdisetting av friluftsområde i Meland - offentleg ettersyn og folkemøte**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**07.04.2016 ELDRERÅDET**

Jorunn Brakstad og Klara Hansen refererte frå folkemøte på rådhuset onsdag 6. april.

**ER - 22/2016 VEDTAK:**

"Eldrerådet ser positivt på kartlegging og at det kan senast inn innspel til kartlegginga."

---

**23/2016: Varsel om oppstart av detaljregulering for Langeland**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**07.04.2016 ELDRERÅDET**

**ER - 23/2016 VEDTAK:**

"Eldrerådet har ingen merknader til oppstart av detaljregulering for Langeland."

---

**24/2016: Den Internasjonale eldredagen 2016**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**07.04.2016 ELDRERÅDET**

Eldrerådet har registrert liten interesse for arrangementet på Nordhordland Folkehøgskule. Ein vil avbestille reservasjon av folkehøgskulen.

Prøve å få til eit arrangement på rådhuset, kommunestyresalen.

**ER - 24/2016 VEDTAK:**

"Saka vert å ta opp på neste møte."

---